



Ekstremveret Vidar møter kysten i dag på føremiddagen. (Arkivfoto)

Ekstremveret Vidar vil vera merkbar i dag, særleg på føremiddagen med høg vsasstand. Kvart 20. år er det tre faktorar som innverkar på dette veret: Fullmåne, sterk vind frå vest og eit djupt lågtrykk. Vervarslinga oppmodar difor alle til å sjå til at naust og laust utstyr i strandsona er sikra.

Vasstanden vil vera om lag ein meter over verdiane i tidevasstabellen. Med vind og høg sjø kan ekstremveret gjera skade på bygg og gjenstandar. Stormen Vidar i dag vert rekna likt det vi hadde med ekstremveret Inga i 2005. Vi kjenner ikkje til om Kvinnherad kommune har iverksett tiltak for å møte dette veret.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal